



Stad kommune

# Kommunedelplan for sjøareal

Stad kommune 2020-2030



*Planprogram*

Arkivsak: 20/1318

Versjon dato: 27.08.2020

## Innhold

1 Innleiing og bakgrunn for planarbeidet.....	2	5.1. Organisering.....	8
2 Mål for planarbeidet .....	3	5.2 Framdrift .....	0
3 Rammer for planarbeidet.....	3	5.3. Medverknad.....	0
3.1. Planavgrensing .....	3	5.3.1. Offentlege organ.....	0
3.2. Lovgrunnlaget, nasjonale og regionale og lokale føringer.....	4	5.3.2. Andre brukargrupper i sjøområda	0
3.2.1 Plan- og bygningsloven (PBL).....	4	5.3.3. Vurdering av innspel.....	0
3.2.2. Anna lovverk som planen må ta omsyn til .....	4	5.4 Konsekvensutgreiing.....	0
3.2.3 Nasjonale føringer .....	4	5.5 Risiko og sårbarheit (ROS).....	5
3.2.4 Regionale føringer .....	5	5.5.1. Skred og flom .....	5
3.2.5 lokale føringer .....	5	5.5.2. Havnivåstigning.....	5
4. Skildring av planområdet i dag og omsyn som skal inn i planen .....	5	6 Utgreiingsbehov – ny kunnskap.....	1
4.1. Næringsaktivitet .....	6	6.1 .....	1
4.1.1. Akvakultur .....	6	6.2. ....	1
4.1.2. Fiskeri, turistfiskeverksemder og taretråling.....	6	6.3 .....	1
4.1.3 Ferdsel og farlei .....	6		
4.1.4 Samferdsle .....	6		
4.2. Naturmangfold og verneområder for natur .....	6		
4.2.1. Naturmangfold .....	6		
4.2.2 Verneområder natur .....	7		
4.3. Kultur, landskap, tradisjonell bruk av sjøområda, friluftsliv og reiseliv .....	7		
4.3.1. Kultur og landskap.....	7		
4.3.2. Tradisjonell bruk av sjøområda .....	7		
4.3.3. Friluftsliv .....	7		
4.3.4 Reiseliv.....	7		
4.4. Berekraftig utvikling og klimautfordringar .....	7		
4.5. Alternativsvurdering av plassering av arealformål .....	8		
5. Planprosess.....	8		

## 1 Innleiing og bakgrunn for planarbeidet

Frå 1. januar 2020 vart Selje og Eid kommunar i lag med Bryggja i gamle Vågsøy kommune, til Stad kommune.

Gjeldande arealdel av kommuneplanane i Vågsøy, Selje og Eid, inkludera sjøområda, men det er ønske om å lage ein heilskapleg plan for alle sjøområda i den nye kommunen, der ein har fokus på næringsretta aktivitet i sjøområda.

Kommuneplanen sin arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Regjeringa ynskjer i satsing på sjøområda og vi må planlegge for næringer i sjø. Dette vil vere med å rigge nye Stad kommune for framtida og utvikle næringsliv i kommunen som er knytt til sjøområda våre. Ein god planlegging av sjøareala legg til rette for ein balansert bruk, der fritid, næring og vern er godt ivaretatt, dette vil vere med å utvikle nye Stad kommune til ein attraktiv stad å bu, besøke og drive næring.

Regional strategisk plan for kysten (2018) er ei satsing på kysten. Planen peikar ut viktige satsingsområder for å nå målet om å skape fleire arbeidsplassar og auke busetjinga på kysten, der samordna planlegging i sjø er eit av satsingsområda.

Regjeringa sin havstrategi (2017) legg opp til stor vekst innan havnæringane, og Noreg er i verdstoppen innan avansert olje- og gassutvinning, skipsfart og eksport av fisk og sjømat, med ein leverandørindustri heilt i verdsklassen. Mange av desse næringane er viktige i Selje og Eid i dag og her er potensiale til å utvikle desse næringa og etablere fleire verksemder innan havnæringane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin verdiskapingsplan (2014) har ei eiga satsing innan sjømatnæringane.

Næringsstrategi for Stad kommune, har mellom anna havrommet som

satsingsområde, og legg til grunn at kommunen er ein pådrivar for berekraftig næringsutvikling, med marine næringar som haustar ressursar samstundes som dei tek i vare det biologiske mangfaldet.

Eit oppdatert arealplankart med gode føresegner gjev nødvendig grunnlag for etablering av ny og utvida næringsverksemد i kommunen og vil også vere med på å styrke grunnlaget for framtidig verdiskaping på kysten.

Kommunestyra i Eid og Selje gjorde vedtak om deltaking i interkommunal plan for sjøareala i kommunane, 12.09.2018 og 04.10.2018.

I planstrategi for Stad kommune er det føresett at ein held fram med planarbeidet for sjøareal i kommunen.

Gjeldande arealplanane for Selje og Eid er ganske nye (2017 og 2015), medan Vågsøy sin arealplan er frå 2002. Sjøområda inngår i desse arealplanane, men i dei gjeldande arealplanane for Selje og Eid vart det ikkje gjort eigne utgreiingar knytt til ny arealbruk i sjøområda, og eksisterande bruk vart i all hovudsak vidareført. I planomtala til Selje sin kommuneplan for areal finn vi følgande: «*Selje kommune vil starte opp ein samla arealplan for havområda i 2017*».

Selje og Vågsøy kommunar deltok i perioden 2015 til 2018 i prosjektet «Marine grunnkart i Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora». Prosjektet vart gjennomført i eit samarbeid mellom Norges Geologiske undersøking (NGU), dei nemnde kommunane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og aktuelle næringar. Prosjektet omfatta ei kartlegging av sjøområda i kommunane for å framstille marine grunnkart med temakart. Formålet med prosjektet var å få utarbeidd tilgjengelege og standardiserte kart- og datatenester med karttema som er lette å bruke i arealplanlegging og forvaltning av sjøområda. Prosjektet vart ferdigstilt i mars 2018 og Selje har no eit godt kunnskapsgrunnlag for vidareutvikling av kommunens sjøområde.

## 2 Mål for planarbeidet

Næringer som kan vere aktuelle for kommunane å legge til rette for gjennom planarbeidet er tare- og biologisk dyrking, dykkerturisme/oppleveling/formidling, oppdrett, fiskeri, gruve- og deponiområde. Vi kan også ha potensielle område for energiproduksjon i sjø

Som følgje av prosessen med Stad skipstunnell og arbeidet med å regulere areal for utnytting av massane til samfunnsnyttige føremål, vil vi sjå på massehandtering frå tunneldrivinga i dette planarbeidet. Massane skal fraktast til regulerte område med lekter (på sjø) og vi må vurdere moglege næringsareal i høveleg avstand frå tunnell-innløpa. I dag er det i reguleringsplanen for Stad skipstunnell regulert inn eit stort deponiområde i Moldefjorden, dersom vi ikkje finn gode områder langs land til samfunnsnyttig bruk av desse massane, er alternativet å dumpe dei i deponiområdet i Moldefjorden.

Planarbeidet har også mål om å greie ut kvar det er mest høveleg å ha ei fiskerikai i ytre delar av kommunen på sørssida av Stadlandet.

Måla for planarbeidet vert gjevne opp under *effektmål*, der vi gjer greie for kva det er ynskjeleg at dette planarbeidet skal føre til på lang sikt, og under *resultatmål*, der vi gjer greie for kva som skal vere oppnådd når planarbeidet vert avslutta.

### **Effektmål:**

- Meir næringsaktivitet i sjøområda våre, som ikkje kjem i konflikt med viktige naturområder, kulturminner, verneområder eller bruken av sjøområda som rekreasjon for fastbuande og besøkande.

### **Resultatmål:**

- Eit overordna plangrunnlag for fiskeri, havbruk, hamner, farlei og energiproduksjon i sjøområda i Stad kommune, slik at vi har eit godt grunnlag

for å vurdere kvar det er tenleg å etablere næringsverksemد.


- Eit plangrunnlag for bruken av sjøareala i Stad som tek omsyn til viktige naturtypar, kulturminner, verneområder og som legg til rette for opplevingsbasert reiseliv i sjøområda og rekreasjon for fastbuande og besøkande.
- Kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune skal vere klar til vedtak i desember 2020, og vil erstatte gjeldande arealplanar i sjø.

## 3 Rammer for planarbeidet

Planen er ein kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune og skal erstatte gjeldande arealplanar i sjø. Planen følgjer reglane for plantypen i PBL kap. 11 (Kommuneplan), jf. PBL §§ 11-5 Kommuneplanens arealdel.

### **3.1. Planavgrensing**

Planarbeidet er avgrensa til å berre gjelde sjøområda i Stad kommune, og planområdet er avgrensa frå 1 nm utanfor grunnilinja (linja mellom dei ytste øyer og skjer) og inn til strandsona, der grensa mot land er definert av kystkonturen frå kartverket. Planprosessen vil avgjere kva for reguleringsplanar med tilknyting til sjønære aktivitetar som er aktuelle å ta inn i planen.



*Planavgrensing*

## 3.2. Lovgrunnlaget, nasjonale og regionale og lokale føringer

Opplistinga av nasjonale, regionale og lokale føringer er ikkje uttømmande.

### 3.2.1 Plan- og bygningsloven (PBL)

Planen skal bestå av plankart med føresegner og planskildring jf. PBL § 11-5.

PBL § 11-7 nr. 6; Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone skal brukast for å planlegge sjøareala.  
Arealformålet kan brukast for å vise arealbruk i sjø, vassdrag og i den tilhøyrande strandsona. Føremålet kan delast inn i underføremål; områder for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, naturområder og friluftsområder kvar for seg eller i kombinasjon. Vidare følger det av § 11-11 nr.3 at ein kan gje føresegner om fastsetting av arealbruken særskilt for høvesvis vassoverflaten, vassøyla og botnen. Det er gjeve heimlar i § 11-11 for føresegner til dette arealformålet, og det kan etter § 11-8 også fastsetjast omsynssoner med visse retningslinjer og føresegner.

Etter §11-11 nr. 4 kan ein tillate nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikt på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs. Ein vil i planarbeidet vurdere om det skal gis generell aksept for etablering av anlegg av navigasjonsinnretningar.

I *forskrift om konsekvensutreiling* § 6 a vert det stilt krav om konsekvensutgreining for arealdel av kommuneplane. I forskriftera er det òg gjeve føringer både for planprogrammet og sjølve planforslaget.

### 3.2.2. Anna lovverk som planen må ta omsyn til

Lov om planlegging og byggjesaksbehandling av 27. juni 2008

Lov om vassdrag og grunnvann av 24. november 2000

Lov om vern mot forureining og om avfall av 19. juni 2009

Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfaldloven) 19.juni 2009.

Lov om friluftslivet av 1. oktober 2015

Lov om kulturminner av 10. juni 2005

Lov om forvaltning av viltlevende marine ressurser (havressurslova). 21.09.2012.

Lov om akvakultur (akvakulturloven) 18.12.2008.

Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. 14.12.2012.

Lov om havner og farvann 17.04.2009

Lov om klimamål (klimaloven) 01.01.2018

### 3.2.3 Nasjonale føringer

I 2019 kom det nye nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Forventingane legg følgande føringer for arealplanlegging i sjø: Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane;

- legg FNs 17 berekraftmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga.
- legg vekt på arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging. Oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og konsekvensar skal brukast i planlegginga.
- legg vekt på klimatilpassing og samfunnssikkerheit i planlegginga, og legg dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivninga til grunn for arbeidet. Risiko- og sårbarheitsanalysar ligg til grunn for plan- og byggjesaksbehandlinga.
- set av tilstrekkeleg areal til ønskt vekst i oppdretts- og havbruksnæringa gjennom oppdaterte planar, som også sikrar miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Strategiar for utvikling av havbruk utanfor kysten inngår i planane.
- identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknader blir tekne omsyn til.
- stimulerer til grøn omstilling, innovasjon, vekst i nye arbeidsplassar og eit inkluderande arbeidsliv og set av tilstrekkelege areal som sikrar behova til samfunnet.

I mai 2020 kom Kommunal- og moderniseringsdepartementet med ein rettleiar for planlegging i sjøområda. Denne vert lagt til grunn for arbeidet med planen. Rettleiaren utfyller Rundskriv h-6/18 «*Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder*»; Regjeringa kom i 2018 med eit nytt rundskriv om ressursutnytting i kystnære sjøområder som erstatta eit over 20 år gammalt rundskriv om ressursutnytting i kystsona; T-/96. Det nye rundskrivet viser til at:

*«oppdaterte kommuneplaner vil styrke kommunenes rolle og handlefrihet i utviklingen av akvakultur og andre sjørettede næringer. Det vil også redusere konflikter lokalt og gi mindre behov for dispensasjonssaker. Det vil derfor gi større forutsigbarhet for næringen og mer effektiv saksbehandling.»*

Regjeringa sin *strategi for ei konkurranseskraftig havbruksnæring* (2007) Rapporten "Effektiv og bærekraftig arealbruk i havbruksnæringa – areal til begjær"

- *Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder*
- *Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag - inkluderer Dalsbøvassdraget og Rimstadvassdraget*
- *Forskrift om rammer for vannforvaltningen*

### 3.2.4 Regionale føringer

Følgande fylkesplanar og regionale planar legg regionale føringer:

- Fylkesdelplan for arealbruk
- Regional plan for vindkraft
- Regional strategisk plan for kysten
- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane
- Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016 – 2021
- Regional plan for klimaomstilling
- Regional plan for folkehelse 2015–2025

- Forskrift om fiske i og utanfor vassdrag med anadrome laksefisk, Sogn og Fjordane
- Forskrift om vern av Høgfjellet naturreservat, Selje kommune, Sogn og Fjordane.
- Forskrift om freding av Tungevåg naturreservat, Selje kommune, Sogn og Fjordane
- Forskrift om vern av Flatholmen naturreservat, Selje kommune, Sogn og Fjordane
- Differensiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget
- Forvaltningsplan for Søholmen, statlig sikra friluftsområde
- Utviklingsplan for Vestland

### 3.2.5 lokale føringer

- Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2015 – 2027, for Eid kommune
- Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2017 – 2029, for Selje kommune
- Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2002 – 2014, for Vågsøy kommune
- Interkommunal kommunedelplan for ferjefri kryssing Anda – Lote, Eid og Gloppe kommunar
- Strandsonevurdering for attraktive områder for ålmenta, Eid Kommune, vedteken 16.08.2007
- Strandsonevurdering for byggegrense i 100-metersbeltet mot sjø, Eid kommune, vedlegg til KPA 2015-2027
- Stadanalyse Leikanger, Selje kommune Plan for Kulturarv, Eid kommune.
- Plan for Kulturarv, Selje kommune.
- Som hamnemynde skal kommunane sikre ferdsel i sjø.

## 4. Skildring av planområdet i dag og omsyn som skal inn i planen

Planområdet omfattar ei rekke ulike brukarar og interesser som det skal bli tatt omsyn til i planarbeidet. Grunneigarar i strandsona har eigedomsrett ut til marebakken. Alle interesser skal kartleggast for å gje eit godt grunnlag for konsekvensutgreiinga og vurderingar. Sentrale utfordringar i

planarbeidet vil vere å legge til rette for ei berekraftig utvikling innan fiskeri og havbruk, samferdsel og anna sjøbasert næringsliv (som t.d. reiseliv), samstundes som det skal bli tatt omsyn til naturmangfald, friluftsliv, og kulturminner, samt infrastruktur knytt til VA og ulike typar kablar i sjø.

## 4.1. Næringsaktivitet

### 4.1.1. Akvakultur

I dag er det 6 akvakulturlokaliteter i Stad kommune, av desse er det 3 lokalitetar som har konsesjon for produksjon av laks, aure og regnbogeaure, der den eine lokaliteten har ein undervisningskonsesjon knytt til seg som Måløy vidaregåande skule eig. Dei andre akvakulturlokalitetane har konsesjon for produksjon av torsk, tare og skjel. I tillegg det i Nordfjorden to lokalitetar under handsaming i fylkeskommunen i dag.

### 4.1.2. Fiskeri, turistfiskeverksemder og taretråling

Det er mange fiskeområder, spesielt i ytre delar av kommunen. Her er fleire fiskebåtar som hentar mykje av sitt livsgrunnlag i sjøområda i kommunen. Her er òg fleire turistfiskeverksemder som leiger ut båtar for turistar som vil fiske i sjøen. Sjøområda i ytre delar av Stad kommune er verdifulle for dei som driv med taretråling. Det er fleire mottaksanlegg for fisk og mange store fiskebåtrederi som hører heime i kommunen.

### 4.1.3 Ferdsel og farlei

Det er mykje skipstrafikk i kommunen. Her er viktige hamner for den havgående fiskeflåten og hamner knytt til mottaksanlegg for fisk. Stad Skipstunnell vil vere med på å auke og trygge denne skipstrafikken og legge til rette for betre regularitet for skipsfarten. I Nordfjorden er det etter kvart mykje cruisetrafikk frå mars til september, her fins det òg viktige tømmerkaier. I avgrensa delar av sjøområda i ytre delar av kommunen har det tidlegare vore testområde for bølgjekraft. Ein legg til rette for mottak for avfall i hamner for å unngå marin forsøpling, og for

nullutsleppsteknologi i hamn for alle båtar, både innan cruise og fiskeri.

### 4.1.4 Samferdsle

Dersom ein i planprosessen vurdera næringsetableringar som kan føre til auka trafikk på det offentlege vegnettet i kommunane, skal dette greiast ut i konsekvensutgreiinga

## 4.2. Naturmangfald og verneområder for natur

### 4.2.1. Naturmangfald

Naturmangfald omfattar både biologisk, landskapsmessige og geologisk mangfald, med lav menneskeleg påverknad. Naturmangfaldet i planområdet skal forvaltast etter prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. For Selje kommune sin del av planområdet er det utarbeida marine grunnkart, kart som gjev oss informasjon om botnsediment, ankringstilhøve, botntilhøve, gravbarheit og djupnetertilhøva. Marint biologisk mangfald og marine naturtypar har frå 2015 – 2018 vore kartlagt i begge kommunane, dette er data som er tilgjengeleg i offentlege kartdatabasar. Av naturtypar er det kartlagt tareskog, skjelsand, israndavsetningar, blautbotn-områder, ålegrasenger. Av nøkkelområde for spesielle artar og bestandar er det kartlagt østersførekromstar, størrø kamskjelførekromstar og gytefelt for kysttorsk. Kartleggingane er verdisette etter nasjonal (A), regional (B) og lokal (C) verdi.

Fiskeridirektoratet har i tillegg informasjon om gyte- og oppvekstområde for fleire marine artar innafor planområdet. Det fins òg noko data om straumtilhøve i Nordfjorden (Aquastrøm Nordfjord). I samband med Marin verneplan Stad er det utført marinbiologisk kartlegging av området som er innanfor verneframlegget.

### 4.2.2 Anadrom villfisk

Indre delar av Nordfjorden har status som nasjonal laksefjord, og Eidselva er nasjonalt laksevassdrag. Bakgrunnen for vern av laksevassdrag og laksefjordar i St.prp. nr 32 (2006-2007) er at om lag 45 norske laksebestandar er utrydda, og av dei 401

attverande bestandane er 1/3 truga eller sårbare. Målet med vern er i så måte å bevare og å bygge opp att laksebestandane i Norge. Det skal ikkje gjennomførast nye tiltak som kan vere nemneverdig til skade for laksen. Situasjonen for sjøauraen er endå meir kritisk enn for villaksen. Årsaka til at sjøaura oftast er hardare råka enn laks, er at sjøaura lever langs kysten og i fjordane i større delar av året enn laksen, som vandrar ut i havet. Sjøaura vert også påverka gjennom vinteren (Knut Wiik Vollset, Bjørn Torgeir Barlaup, Bjørnar Skår – Registrering av lakselus i Sognefjorden vinter/vår 2014). Ein ny akvakulturlokalitet påverkar økosystemet i sjøen i store område kring lokaliteten, og konsekvensane for det biologiske mangfaldet i eit større område må derfor vurderast. Dagens situasjon for villfisk i sjø tilseier også at akvakulturnæringa må planleggast ut frå heilskaplege vurderingar av større sjøområde, der den samla belastninga vert synleggjort og vurdert. Konsekvensane for desse interessene vil gå fram av konsekvensutgreiinga.

#### 4.2.3 Verneområder natur

Fylkesmannen har starta opp arbeid med verneprosess for marint verneområde Stad. Her er tre naturvernombaner for sjøfugl i ytre del i kommunen og eit av desse er også naturvernombaner for våtmark. Desse skal tas omsyn til i planarbeidet. I indre del av kommunen har delar av Nordfjorden fått eit overordna vern som nasjonal laksefjord. Avgrensinga går i ei linje mellom Stårheim – Hamnes og heile Eidsfjorden inn til Nordfjordeid. Her er 3 verna vassdrag som munnar ut i Nordfjorden; Hornindalsvassdraget, Stigedalsvassdraget – som sluttar seg til Hornindalsvassdraget og Rimstadvassdraget. I tillegg har vi eit verna vassdrag, Dalsbøvassdraget, som munnar ut i havet i Ervika på Stadlandet.

### 4.3. Kultur, landskap, tradisjonell bruk av sjøområda, friluftsliv og reiseliv

Verknaden for kultur, landskap, friluftsliv og reiseliv skal takast omsyn til i planen.

#### 4.3.1. Kultur og landskap

Selja kloster på øya Selja, er mellom dei eldste og mest komplette kloster i landet og eit nasjonalt kulturminne. I Nordfjordeid sentrum er det fleire verna kulturmiljø. Her er kulturminne i sjø, eit skipsvrak på Erviksanden på Stadlandet, og skipsvrak av eit krigsskip i Eidsfjorden. Av utvalde kulturlandskap har vi området Stadlandet (Hoddevik – Liset). Krokeidet i Totland krets er registrert som heilskapleg kulturlandskap.

#### 4.3.2. Tradisjonell bruk av sjøområda

Sjølv om det ikkje fins så mange att av den tradisjonelle fiskarbonden i kommunane våre, er sjøområda framleis mykje brukt til fiske av innbyggjarane. Det er mange som har eigen båt og her finns fleire flytebrygger knytt til gardar og naustområder, og fleire småbåthamner i kommunen. Desse vil vi vurdere og registrere i samband med planprosessen. Vi må sjå samanhengen mellom sjø og land og sjå på bruken av strandlinja opp mot arealføremål i sjøområda utanfor strandsona.

#### 4.3.3. Friluftsliv

Her er eit statleg sikra friluftsområde i kommunen og fleire regionalt viktige friluftsområde. I tillegg er sjøområda i dag mykje brukt til rekreasjon, slik som t.d. fiske på fjorden ifrå båt og frå land, kajakk-paddling, surfing og køyring med vasscooter. Fleire områder i sjø i kommunen har omsynsone friluftsliv i dei gjeldande arealplanane.

#### 4.3.4 Reiseliv

Stad kommune har eit stort potensial og mogelegheit for utvikling av reiseliv basert på regionen sitt landskap og rike natur- og kulturverdiar. Det vart i 2019 utarbeidd ein strategi for reiseliv for Stad kommune. Mogleg verknad av kommunedelplan for sjøareal i høve til reiselivsutvikling skal vurderast.

### 4.4. Berekraftig utvikling og klimautfordringar

Denne planen gjeld store areal for kommunane, og det er viktig at den bidreg til

ei berekraftig utvikling. Marine næringar vert påverka av klimaendringane, mellom anna havforsuring, auka temperaturar i hav og sjø og vandring av fiskebestandar. Planen skal legge føringar for at kommunane bidreg til å nå nasjonale klimamål, og arbeide aktivt med å redusere konsekvensane for kommunane, naturen og samfunnet gjennom si samfunns- og arealplanlegging. Planen bør legge føringar for korleis ein skal handterer forventa klimaendringar mellom anna knytt til havnivåuke, stormflo og flaumproblematikk. Konsekvensar av klimautfordringane i planarbeidet knytt til tilrettelegging for å redusere klimagassutslepp og for potensielle konsekvensar for arealbruk i planområdet skal tas omsyn til i planarbeidet.

#### 4.5. Alternativsvurdering av plassering av arealformål

Det vurderes alternativer for plassering av arealformål der det skal samanliknast alternativ m.o.t verknad for miljø og samfunn.

### 5. Planprosess

#### 5.1. Organisering

Planen følgjer reglane for plantypen i PBL kap. 11 (Kommuneplan), jf. PBL §§ 11-5 Kommuneplanens arealdel.

Planarbeidet vert organisert som eit prosjekt med brei deltaking frå ulike einingar i kommunen.

## 5.2 Framdrift

Framdriftsplanen gjev oversikt over dei ulike fasane i planprosessen og når dei skal gjennomførast.

### Framdriftsplan

Fasar i planarbeidet	Fristar/framdrift										
	2020										
	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	
Utarbeide framlegg til planprogram.	X										
Formannskapet vedtek offentleg ettersyn av planprogram og varsel om planoppstart	X	X	X								
Folkemøter og møter med aktørar i sjøområda		X	X								
Formannskapa vedtek planprogram			X	X							
Arbeide med planforslag på bakgrunn av høyrings-innspel frå planprogram og varsel om oppstart: - Kartlegging og utgreiingar - Samanstille eksisterande og ny kunnskap - analysere interessekonfliktar, utgreie og prioritere - møte med fagmynde, næringsliv, lag og organisasjonar med interesser i sjøområda - Plankart, føresegner og retningsliner, planskildring med KU og ROS - folkemøte før offentleg ettersyn av planforslag - Eventuelt møte med planforum				X		X	X				
Formannskapa vedtek offentleg ettersyn av planforslag								X	X		
Arbeide med merknadar frå offentleg ettersyn								X	X		
Vedtak av planen i kommunestyra og kunngjering av plan										X	

Offentleg ettersyn og møter undervegs i planprosessen vert publisert på heimesida og facebooksida til Stad kommune, i Fjordabladet og i Fjordenes Tidende.

### **5.3. Medverknad**

Medverknad er heimla i PBL § 3.2 «alle offentlige organer har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres saksfelt eller deres planer og vedtak og skal gi planmyndigheten informasjon om hva som kan ha betydning for planleggingen» og PBL § 5 «Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.»

Målet for medverknad er å nå ut til dei aktørane som har synspunkt på planarbeidet og legge til rette for at dei får kome med sine synspunkt i ein tidleg fase. Alle kan kome med uttale til planarbeidet og planforslag, både enkeltpersonar og grupperingar i form av lag og organisasjonar, næringsaktørar, nabokommunar, offentlege instansar og liknande. Det er viktig for kommunane å sikre reell medverknad frå alle grupper. Prosjektgruppa organisera og ser til at vi har gode arenaer for medverknad slik at ein sikrar blant anna naturgrunnlaget, friluftsinteresser og primærnæringane i planarbeidet.

#### **5.3.1. Offentlege organ**

Offentlege organ vert høyrd gjennom offentleg høyring og gjennom deltaking i planforum. Fagmynder vil òg bli invitert inn i møter der næringslivsaktørar og andre brukargrupper i sjø deltek.

#### **5.3.2. Andre brukargrupper i sjøområda**

Vi vil sjå til at andre som brukar sjøområda vert involvert i utarbeiding av planen. Det vil vi gjere gjennom folkemøter og gjennom å invitere lokale og regionale lag og organisasjonar med interesser i sjøområda, og der det er aktuelt også invitere grunneigarar til folkemøter i samband høyringane. Vi opprettar arbeidsgrupper for ulike arealføremål/ tema i planen når vi ser at det er trong for det. Aktuelle lag og organisasjonar i kommunane og i regionen (t.d. frilufts, fiske, kultur- og naturorganisasjonar) får direkte varsel om oppstart av plan på høyring. Born og unge sine interesseorganisasjonar i kommunane vert inviterte til folkemøter om planen, og vert varsle ved offentleg ettersyn.

#### **5.3.3. Vurdering av innspe**

For å gjere det enklare å delta i debatten, legg vi vekt å nytte innspelsskjema som vil vere tilpassa dei ulike fasane av planarbeidet. Heimesida og facebooksida til kommunen vil bli nytta for å informere om framdrifta i prosessen.

Alle formelle innspel som kjem inn til kommunen i samband med planarbeidet, vil bli vurdert i høve til planinhaldet. Prosjektgruppa vurderer og kjem med tilråding for innspe. Vurdering av uttaler vil bli lagt ved som ein del av saka ved politisk handsaming av planprogram og forslag til planframlegg.

### **5.4 Konsekvensutgreiing**

Ein kommunedelplan for sjøareal er ein del av kommuneplanen sin arealdel og skal følgje reglane i kap 11 i PBL. I PBL § 11.5 finn vi krav om konsekvensutgreiing. I *forskrift om konsekvensutredninger* § 6 a finn vi at: *Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding: a) kommuneplanens arealdel etter § 11-5 (...).*

§ 21 i *forskrift om konsekvensutredninger* seier at ein skal skildre kva faktorar som kan verte påverka av planframlegget og at ein skal vurdere vesentlige verknadar for miljø og samfunn:

«KONSEKVENSTREDNINGEN SKAL IDENTIFISERE OG BESKRIVE DE FAKTORER SOM KAN BLI PÅVIRKT OG VURDERE VESENTLIGE VIRKNINGER FOR MILJØ OG SAMFUNN, HERUNDER:

<b>Faktorar frå § 21 i forskrift om konsekvensutgreingar som kan påverkast av planframlegget:</b>
naturmangfald, jf. naturmangfoldloven
økosystemtenester
nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål
kulturminner og kulturmiljø
friluftsliv
landskap
ureining (utslepp til luft, klimagassutslepp, ureining av vann og grunn, og støy)
vassmiljø, jf. vassforskrifta
jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar
transportbehov, energiforbruk og energiløsninger
beredskap og ulykkesrisiko
virkninger som følge av klimaendringer, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred
befolkingens helse og helsens fordeling i befolkningen
tilgjengelighet for alle til uteområder og gang- og sykkelveinett
barn og unges oppvekstvilkår
arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.

*Beskrivelsen skal omfatte positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsigtige og langsiktige virknings.*

*Samlede virknings av planen eller tiltaket sett i lys av allerede gjennomførte, vedtatte eller godkjente planer eller tiltak i influensområdet skal også vurderes.*

Veileder om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningsloven (2020) blir lagt til grunn for arbeidet.

Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast på bakgrunn av fastsett planprogram og sendast på høyring i lag med planframlegget. Hovudføremålet med ei konsekvensutgreiing av planen er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert teke vare på i førebuinga og vedtak av plan. Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon, og skal skildre verknadane av enkeltområder og av dei samla arealbruksendringane i planframlegget. Den skal berre omfatte dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging, og som samstundes inneheld endringar av den gjeldande planen. Det skal òg gjerast greie for alternativ til plassering av arealføremål der ein grunngjev valet opp mot ulike alternativ og gjev ei samanlikning av verknadane for miljø og samfunn.

Vår konsekvensutgreiing vil i hovudsak omhandle konsekvensar av ny arealbruk knytt til nye og utvida arealføremål for havbruk, hamner, farlei og energiproduksjon.

For å dekke utgreiingskravet blir det lagt opp til at det ved kvart nytt føremål skal følgje med ei skildring av naturgjevne tilhøve, eventuelle behovsvurderingar, samt ei vurdering av tiltaket med tanke på verknadar for miljø, natur, samfunn med meir. Det skal bli utarbeidd ein felles mal for utgreiing og vurderingar. Verdi- og konsekvensutgreiinga, samt kvaliteten på datagrunnlaget bør synast etter eit system som viser verdi og konsekvens. I tillegg skal det bli laga ei skriftleg vurdering der det er naturleg. Utgangspunktet er at denne framstillinga saman med tekstdelen skal tilfredsstille krava i forskrift om KU. Konsekvensutgreiing skal identifisere og beskrive dei faktorar som kan bli påverka, og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Den skal være konkret på ulike tiltak, knytt til ny eller eksisterande næringsaktivitet, sin konsekvens for vegnettet og framkomst for køyrande, gåande og syklande.

På neste side finn de ei skjematiske oversikt over tema vi har valt ut der vi skal skildre kva faktorar som kan verte påverka av planframlegget og vurdere vesentlige verknader for miljø og samfunn.

MILJØ OG SAMFUNN			
TEMA	KU-VURDERINGAR	KJENT KUNNSKAP	TRONG FOR NY KUNNSKAP
<b>Jordvern</b>	Unngå nedbygging av matjord – både dyrka og dyrkbar jord samt beiteressursar på inn- og utmark. Verknad av utbyggingstiltak for landbruket skal vurderast opp mot mellom anna kjerneområde for landbruk og arealressurskart.	Kjerneområde går fram av godkjende kommuneplanar. Fylkesatlas, NIBIO	Nei
<b>Naturmangfald</b>	Vurdere tiltak opp mot biologisk mangfald ,marine naturtypar, anadrome villfiskkartar, påverknad av økosystemet, vilt, verna område og artar . Påverknad i strandsona, dyreliv og sårbare artar. Vurdere samla belastning av nye og etablerte tiltak.	Naturbase, Yggdrasil, artsdatabanken, ulike rapportar for sjøområda (KLAF), marine grunnkart, laksregisteret, Aquastrøm Nordfjord mm.	Betre kjennskap til marint biologisk mangfald der ein planlegg ny næring i sjø.
<b>Marine ressursar</b>	Vurdere tiltaket opp mot fiske-interesser viktige fiskeplassar– aktive og passive reiskap, rekefelt, gytefelt, oppvekst/beiteområde, låssettingsplassar, uttaksområde for skjelsand, taretråling.	Yggarsil, naturbase, Kystinfo, <a href="http://www.Fylkesatlas/">www.Fylkesatlas/</a> marino	Betre informasjon om den lokale bruken av sjøområda, særleg der vi planlegg for ny næring i sjø.
<b>Vassmiljø</b>	Tilstand i elv, bekk, og kystsone. Vurdering om tiltaket vil kunne forringe eksisterande status på vasskvaliteten (økologisk og kjemisk tilstand).	<a href="http://www.vann-nett.no">www.vann-nett.no</a> , regional plan for vassforvaltning Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021, og Møre og Romsdal	Nei
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	Verknad for kulturminne og -miljø både på land og i sjø. Freda bygg og anlegg, fornminne, bygningsmiljø, SEFRAK-registrerte bygg.	Fylkesatlas, Askeladden, FK og riksantikvaren	Nærare undersøkingar kan bli aktuelt ved planlegging av nye tiltak.
<b>Landskap</b>	Utbyggingsforslag skal vurderast mot informasjon i eksisterande databasar med tanke på eventuell konflikt,	Fylkesatlas, ulike rapportar om landskapsverdi i Sogn og fjordane, og	Nei

	landskapsverdiar - verneområde. Både nærmiljø og fjernverknader skal vurderast.	for enkeltområder Selje.	
<b>Nærmiljø og friluftsliv</b>	Vurdering av konsekvens av tiltak opp mot privatisering av strandsone. Visuell effekt av tiltaket i strandsona. Vurdere om tiltak kjem i konflikt med eksisterande tur- og rekreasjonsområde. Fritidsbåt-utfluktsplassar, - ferdselsområde, - fiskeplassar.	Fylkesatlas, arealdelen til kommuneplanen.	Innhente meir lokal informasjon om bruken av sjø- og strandsona, spesielt der det er aktuelt med nye tiltak.
<b>Barn- og unge</b>	Vurdering av konsekvens for barn- og unges bruk av strandsone, og sjøsport, ferdsel.		Innhente meir lokal informasjon om bruken, spesielt der det er aktuelt med nye tiltak.
<b>Teknisk infrastruktur</b>	Verknad ferdsel, farleier, navigasjonsinstallasjoner, hamnestruktur, kaier, småbåtanlegg. Veg, vatn, kloakk, gang- og sykkelvegar, straum/energi.	Kystinfo, Kommunale planar. Fylkesatlas, Everk	Småbåtanlegg som ikkje er regulert.
<b>Transportbehov / samferdsel</b>	Vurdering av kva verknad ønska tiltak vil ha for transportbehov i området (nærleik til tenester). Flytting av transport frå veg til sjø.	Kystinfo, Plan for Stad skipstunnel, KDP for ferjefri-kryssing Lote -Anda.	
<b>Klima</b>	Vurdere tiltak i forhold til lokale og nasjonale klimamål. Båttrafikk, utbyggingstiltak	Nasjonale og lokale planar. FN's berekraftmål	Landstraum/ andre drivstoffalternativ
<b>Befolkningsutvikling og tenestebehov</b>	Næringsutvikling og påverknad for sysselsetting og busetnad. Betydning for kommuneøkonomi, tilskotsordningar.	Havbruksfondet	Nei
<b>Forhold til framtidig utbyggingsstrategi</b>	Vurdering opp mot kommunen sine vedtekne arealføringer i arealdelen til kommuneplanen.	Gjeldande arealplanar, kommunens planstrategi	Nei

#### SAMFUNNSSIKKERHEIT og ROS

TEMA	KU-VURDERINGAR	KJENT KUNNSKAP	TRONG FOR NY KUNNSKAP
<b>Naturrisiko:</b> Skred  Flaum Klimasårbarheit	Lausmasseskred (jordskred), flaumskred, snøskred, sørpeskred, steinsprang/steinskred, fjellskred med flodbølge som mogleg følgje og kvikkleireskred i område med marine avsetningars. Utbyggingsforslag skal vurderast mot informasjon i eksisterande databasar med tanke på eventuell konflikt. Potensiell naturfarar skal bli vurdert. Reell skred- og flaumfare (faresonekart) skal nyttast som grunnlag der dette er tilgjengeleg. Flaumfare i små og store vassdrag, samt erosjonsfare langs vassdrag og kyst. Havnivå og stormflo, bølgjepåverknad, overflatevatn og vind. Skog og lyngbrann (tørke).	Kartdatabase NVE, NGU, DSB Fylkesatlas, miljøstatus.no	Nærare undersøkingar kan bli aktuelt ved planlegging av nye tiltak.
<b>Verksemdrisiko</b>	Røming av fisk, utbrot av fiskesjukdomar, utslepp av miljøgifter, ureining i sediment, risiko ved ferdsel, risiko i hamner	Kartdatabase Fiskeridir. DSB Fylkesatlas, miljøstatus.no	Nærare undersøkingar kan bli aktuelt ved planlegging av nye tiltak.
<b>Støy og ureining</b>	Situasjonen i området knytt til kjend kunnskap om ureining (m.a. trafikk og	DSB Fylkesatlas,	Nærare undersøkingar kan

	verksemdstøy, grunnureining) skal bli vurdert opp mot ønska tiltak, samt fare for akutt forureining. Vurdere verknad for busetnad/fritidsbusetnad/friluftsaktivitetar av akvakulturanlegg m.a. støy, lys, luk, endring i landskapsbildet/ estetikk.	miljøstatus.no Vegkart, SVV	bli aktuelt ved planlegging av nye tiltak
Beredskap	Beredskap og ulukkesrisiko knytt til større ulukker skal bli vurdert. Fare for brann og eksplosjon. Utrykkingstid nødetatar Sårbarheit knytt til digital dekning – nødnett , brot i straumnett, ferdselsåra.	Kommunale beredskapsplanar dsb medietilsynet,	Nei

#### Metode for utarbeiding av KU:

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	4 minus (----)	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for delområdet. Gjelder kun for delområder med stor eller svært stor verdi.
--	3 minus (- -)	Alvorlig miljøskade for delområdet.
-	2 minus (- -)	Betydelig miljøskade for delområdet.
+	1 minus (-)	Noe miljøskade for delområdet.
0	Ingen/ubetydelig (0)	Ubetydelig miljøskade for delområdet.
+//+	1 pluss (+) 2 pluss (++)	Miljøgevinst for delområdet: Noe forbedring (+), betydelig miljøforbedring (++)
++/++	3 pluss (+++) 4 pluss (++++)	Benyttes i hovedsak der delområder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiknelling som følge av tiltaket.

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Kommentar (kunnskapsgrunnlag m.m.) usikkerheit
<b>MILJØ OG SAMFUNN</b>				
Jordvern				
Natur-mangfald				
Marine ressursar				
Vassmiljø				
Kulturminne og kulturmiljø				
Landskap				
Nærmiljø og friluftsliv				
Barn- og unge				
Teknisk infrastruktur				
Transportbehov / samferdsel				
Klima				
Befolknings-utvikling og tenestebehov				
Forhold til framtidig utbyggingsstrategi				
<b>SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS</b>				

	Ikkje signifikant	Akseptabel	Uakseptabel	
<b>Naturrisiko</b>				
<b>Verksemdrisiko</b>				
<b>Støy og ureining</b>				
<b>Beredskap</b>				
<b><u>Samla vurdering og konklusjon</u></b>				

Konsekvensutgreiinga skal omfatte positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsiktige og langsiktige verknadar. Kva metodar som er nytta skal skildrast, vidare skal vi ha med kva faktorar som er usikre utgreiingane, og til sist ei opplisting av kjeldene vi har nytta.

For omfattande innspel til ny arealbruk, vil kommunen krevje at dei som kjem med innspelet, legg ved ei vurdering og skildring av verknadane innspel kan få og legg ved god dokumentasjon i dialog med kommunen. For å sikre tilstrekkeleg informasjon ved innspel utarbeidar vi ein eigen mal.

## 5.5 Risiko og sårbarheit (ROS)

Krav til ROS-analyse finn vi i PBL § 4-3.*Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse*

*Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnert til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6.*

*Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.*

Til grunn for ROS-analyse legg vi *Metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen – dsb (2017)*. Andre forskrifter vi legg til grunn er

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-06-03-569>

### 5.5.1. Skred og flom

Kartlegge område i sjø som er utsett for skred og flom. Kommunane har oversikt over skredutsatte område på land. Vurdere omsynssoner i sjø.

### 5.5.2. Havnivåstigning

Havnivået i området er estimert til å stige med 61-69 cm i perioden 2000-2100. I same periode vil landhevinga vere mellom 21 og 29 cm. Kunnskap om dette vil vi finne i eigne stormflotabellar. Sikkerheitsklasse F2 i TEK17 § 7-2 tilsvara kotehøgde for flaum/stormflo med gjentaksintervall på 200 år, også kalla 200-årsflaum, og opptrer i gjennomsnitt kvart 200 år. Byggverk skal plasserast eller sikrast slik at det ikkje oppstår skade ved erosjon. Erosjon er ein framskridande prosess som ikkje kan gjevast opp som gjentaksintervall, slik som for flaum og stormflo. Etter § 14 i sivilbeskyttelsesloven plikter kommunen å kartlegge kva uønska hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynlegheita for at disse hendingane inntreffer og korleis dei i så fall kan påverke kommunen (heilskapleg ROS). Framtidig havnivåstigning kombinert med stormflo og bølgjer som vil råke allereie utbygde områder, kan høyre inn under uønska hendingar som kommunen må undersøke nærmare.

Planmessig tiltak: Krav om utredning av stormflofare, inkludert framtidig havnivåstigning. Tiltak skal lokaliserast og utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand, medrekna stormflo og bølgjepåverknad. Bygg skal plasserast minimum kote + 3 meter (NN1954). For planar om tiltak og ved søknad om tiltak som skal etablerast lågare enn kote + 3 meter, skal det dokumenterast kva tiltak som er planlagt for å redusere eventuelle skadeverknader av høg vasstand. Med andre ord krev også kommuneplanen fagleg dokumentasjon av påkrevde tiltak. Heimelen til å krevje dette ligg i pbl. § 11-9. nr. 5.

akvakultur. Her vil vi nyte multikriterieanalysa til Fylkeskommunen.

## 6 Utgreiingsbehov – ny kunnskap

Kva treng vi av ny kunnskap, kva må vi utgreie betre før vi kjem med framlegg til ny arealbruk i sjøområda våre?

### 6.1

Vi må gjere ei kartlegging av dagens bruk av sjøområda til rekreasjon for innbyggjarar og besökande. Her vil vi samle inn kunnskap om bruksområda; fritidsfiske, vassport, rekreasjon.

### 6.2.

Vi vil vurdere om det er naudsynt med biologiske kartleggingar der ein planlegg næringsverksemd i sjø, for å unngå konflikt med viktige naturinteresser jf. Naturmangfaldslova. Både Bremanger og Kinn har tidlegare meldt frå at dei kan vere nteresserte i å delta i eit felles prosjekt der ein til dømes kan ta utgangspunkt i det som er gjort på Søre Sunnmøre med biologisk kartlegging – naturtypekart på bakgrunn av dei marine grunnkarta. Meir informasjon om dette arbeidet fins på [www.morepilot.no](http://www.morepilot.no)

### 6.3

Avklare akvakulturnæringa sitt behov for areal, vurderer kva artar som best egnar seg å dyrke i dei ulike delane av kommunane sine sjøområder. Vurdere areal til landbasert